



Snart er det klart for den årlege julemarknaden og tenning av julegrana igjen.

Det nærmar seg jul og fredag 7. desember kl. 17.00 er det igjen klart for julemarknad og tenning av julegrana.

Damvennene er no i full gang med planlegginga av årets julemarknad. Som vanleg blir det tenning av julegrana kl. 17.00, sal av graut i kjellaren i Helgheim, kaffi og kaker i Gamleskulen og lappar og gløgg ute i teltet.

Har du noko du vil bidra med, anten det er salsbod, stand, underhaldning eller hjelpa til med arrangementet, kan du melda deg til Janne på tlf. 95824652.

Vi minnar ellers om at vi gjerne tar i mot gode forslag til tiltak vi kan samla inn pengar til i tillegg til Aktivitetshuset. Einaste kriteriet vi har er at det må vera tiltak som kjem bygda vår til gode.

MVH Damevennene

Foto: Ola Matti Mathisen